

Den kulturelle skulesekken, Sogn og Fjordane:

Førebuingmateriell til *Melting*



MELTING

Veit du egentleg kor mange gonger du kan fly til Thailand før jorda går under? Eller kor mykje CO2 det kostar å laga ei teaterframsyning?

MELTING er tre ting på ei gong; føredrag, konsert og teater. MELTING er politisk analyse, musikk framført på vinglas, og ein enorm roterande installasjon som fyller scenen og gir assosiasjonar til verdsrommet. Det handlar både om det store systemet og det vesle mennesket.

- Kva skjer når isen smeltar? Når økonomien smeltar?
- Kva skjer når samfunnet, velferdsstaten, fellesskapet, offentleg kunstfinansiering og framtidsutsiktene våre smelter?

MELTING er eit samarbeid mellom Amund Sjølie Sveen, installasjonskunstnar Lawrence Malstaf og musikarane i Slagr.

Nedanfor finn de materiell skulane kan bruke til å førebu elevane på MELTING, som lærarar og elevar ved skular i Sogn og Fjordane har vore med og laga. Her er lenkja til presentasjonen Hans Græsli frå Firda vgs. viste på fagdagen på Skei i september – til oppfrisking:

<https://sway.office.com/hNpeTah2ZuczAHqv?ref=email>

A

1 Førearbeid:

Forklar tonn CO2. Hvor mykje utslepp tror de de har i året?

<https://miljostatus.miljodirektoratet.no/tema/klima/norske-utslipp-av-klimagasser/co2/>

2 Økologisk Fotavtrykk

Bruke klimakalkulator – elevene kan gjere seg sjølve bevisste på eige forbruk.

Ducky sin klimakalkulator: <https://footprint.ducky.eco/>

3 Jobb med resultatet i etterkant.

Har vi sjølvinnsett i kva slags fotavtrykk vi har?

(Samanlikne med førearbeidet)

4 Elevane lagar eit eige, personleg «endringsforslag».

Skriftleg arbeid – Kvar er det størst forbedringspotensiale?

Kan dette utvidast / påverke personar rundt meg? Hva slags konsekvensar kan dette få?

5 Diskusjon

Kor enkelt er det å kutte i desse utsleppa? Kva er du villeg til å endre?

Når du har valt noko som skal endrast: Kvifor akkurat det?

Relevante fag:

Samfunnsfag

Geografi

Kanskje Religion (Etikk?)

Matematikk

Livsmeistring

B

Gruppeoppgåve:

Ta utgangspunkt i «Økologisk fotavtrykk», sjå på Norge og 1-2 andre land.

- 1 Gå inn på «Gapminder dollar street» for å se hvordan de lever i det andre landet. Lenkje: <https://www.gapminder.org/dollar-street/matrix>

Med utgangspunkt i dette drøfte om det er noko dei kan klare seg utan i kvardagen, verte bevisste på eige forbruk. Kva er viktig for meg? Hva klarar eg meg utan? Er det noko dei i det andre landet ikkje har som eg heller ikkje treng?

Aktuelle fag:

naturfag

samfunnsfag

geografi

norsk

engelsk

C

Forslag til undervisning før jul: Gapminder Dollar Street <https://www.gapminder.org/dollar-street/matrix>

- 1 Samle fleire klasser i kinosalen på skulen, der to elevar frå vg2, som kan vere ressursgruppe for vidare undervisningsopplegg på skulen, gir innføring i tema og korleis bruke Gapminder Dollar Street.
- 2 Klassene delast i grupper, der dei vel kvar sitt land, og finn ut korleis fattig/gjennomsnitt/rik familie lever. Presentasjon gruppevis i klasser. 120-180 min (ein halv dag).

D

- 1 Dilemma: Be elevane lage dilemma som går på interesse motsetnader mellom ulike grupper i samfunnet, når det gjeld klimaspørsmål. Bønder, entreprenørar, bygde- og byutviklarar. Sjå gjerne denne videoen som utgangspunkt: <https://tv.nrk.no/serie/folkeopplysningen/2018/KMTE51001118/avspiller>

Døme: Kva er bra for oss: at vi sluttar å ete kjøtt, eller oppretthalde småskala landbruksnæring i distrikta?

- 2 Drøfting i mindre grupper. NB! – det er ikkje noko mål å «vinne» debatten – det viktigaste er å avdekke konsekvensar og sjå ulike sider.